Gjennom informasjonsinnsamlinga har det kome innspel om at det kan vere eit alternativ at ressursar frå bedriftene kjem inn i skulen og gjennomfører praktiske øvingar saman med elevane der. Ein slik måte å jobbe på vil gje ei intensiv læring med fokus på å auke forståing av teori opp mot praktisk bruk, og vonleg auke motivasjonen hos elevane. Utfordringa kan vere fordeling av lærarressursar, og at bedriftene ikkje klarar å ha fokus på tilstrekkeleg breidde i praksisen saman med elev.

Det er mange måtar å involvere bedriftene på, men eitt alternativ er at skulen tek ansvar for å trekkje fleire bedrifter inn på ein workshop for å definere ei problemstilling elevar kan jobbe med som eit prosjekt gjennom eit skuleår, som kan involvere fleire bedrifter i ein verdikjede, og som kan gå på tvers av programfaga. Bedriftene stiller med mentorar, og gjer tilgang til det verktøy og maskinar som er naudsynt for å gjennomføre oppgåva, og som skulen gjerne ikkje har tilgang til. I tillegg kan ein legge opp til å bruke verktøy og maskinar på andre arenaer ved behov, og skulen må ta ansvar for å avklare dette med dei det gjeld. Arbeidslivet må syte for at oppgåva som blir utarbeidd ikkje krev meir kapasitet enn bedrifta kan tilby, og skulen må vere inneforstått med at noko av arbeidet kanskje må finne stad utanom skulen sine vanlege tider.

Det er mange synergjar ved ein slik prosjektering av læringa, både at elev og bedrift blir betre kjent, bedrift og skule, lærarar får betre innsikt i bedriftene og meir kunnskap om korleis dei arbeider, og elevane blir meir vane med å arbeide i grupper, stille spørsmål og finne fram til gode løysingar. Her kan ein òg på sikt vurdere involvering av meir tverrfaglege team ved å trekkje inn elevar ved andre linjer inn i oppgåveløysinga, som sal, kontorlag, studiespesialisierende osv., slik at ein kan drive problemløysinga som endå meir realistiske prosjekt, og endå fleire elevar kjem tettare på arbeidslivet.

Pilotprosjektgruppa meiner at ein bør bruke meir tid utover hausten 2018 til å bli tydelegare på kva integrert praksisopplæring er, kva ein ser føre seg at elevane skal lære i bedrift, kor mykje meir belastning ein forventar å leggje utover bedriftene, og korleis dette er organisert. Figuren under gjer eit bilete på korleis fordelinga vil vere på praksisopplæring i skule og bedrift:



Som figuren viser, får elev i dag kompetanse på bruk av basisutstyr for å få grunnleggjande faglege ferdigheitar i skulen. Slik vil det òg vere etter at pilotprosjektet er implementert i 2023, men då vil ein òg ha forsøkt å tette det forbedringsgapet som finnes i skulen i dag. Her tenkjer ein i hovudsak på at elevar skal få kompetanse på arealkrevjande utstyr og maskinar og verktøy med høg utskiftingsgrad, der skulen ikkje vil klare å halde tritt, og kompetanse på spesialmaskinar og verktøy som finst i bedrifter, som til dømes eigenutvikla maskinar, eller store maskineringscenter. Dette vil gje elevane enda betre innsikt i arbeidslivet, og breiare praktisk kompetanse når dei skal ut i lære og jobb.

### 7.1.6 Betre styring av praksisopplæring

I YFF-faget vert det gjennomført praksisperiodar i bedrift. Tilbakemeldingar frå arbeidslivet er at det i dag er det tilfeldig og personavhengig i forhold til korleis praksis blir planlagt og gjennomført, og skulen klarar ikkje ha alle elevane ute i praksis i forhold til timetalet som er målet. Skal ein få til meir integrert praksisopplæring i bedrift i programfaga, er det ein klar forventning frå arbeidslivet at ein først får ein betre og ryddigare struktur på praksisopphald i YFF-faget, og klarar å demonstrere at ein når praksismål i bedrift i dette faget, før ein aukar mengda praksis i bedrift i programfag. Ein bør difor få på plass eit godt og brukarvennleg styringsverktøy for å følgje opp praksisopplæring i bedrift, som kan brukast for både YFF-faget og praksis i programfag. Her må praksis vere knytt opp mot læreplanmål, bedrifter må kunne dokumentere praksis som er gjennomført, og ikkje minst må bedrifter kunne melde inn kapasitet for praksisopplæring i bedrift, og når, og lærarar må kunne planlegge gjennomføring av praksisen.

Skulen bør utnytte digitalisering for å betre få styring av praksisopplæring i bedrift, anten det er snakk om YFF eller praksis i programfag, og for å få betre kontroll over kva verktøy og maskinar som finnes i nærleiken, både i skule og i arbeidslivet, der ein kan drive praksisopplæring.

Pilotprosjektgruppa tilrår difor å etablere styringsverktøy for å støtte opp under praksisopplæring i bedrift, som til dømes kan:

- Kople praksis med mål i læreplan
- Både YFF og programfag
- Vise årshjulet for kvart år
- Kor mykje praksis som skal skje i skulen
- Kor mykje praksis skal skje i bedrift
- Vise oversikt over kva utstyr/maskinar bedrifter har
- Mogleggjere registrering av ledig kapasitet til opplæring i bedrift
- Mogleggjere registrering av kva opplæring bedrift kan gje etter læreplan
- Mogleggjere registrering av behov for praksisplassar



- Foreslå måte bedrifter/skule kan velje ut praksisplassar til elevar
- Mogleggjere registrering av behov for HMS-kurs og andre kurs for å gjennomføre praksis i bedrift etter læreplan
- Handtere samarbeidsavtalar skule - bedrift
- Registrere elev og kva kurs dei har
- Bruke digitalisering til å gjennomføre kurs
- Anna

### 7.1.7 Auke grad av hospitering av lærarar


Pilotprosjektgruppa meiner at får ein til ein god modell for integrert praksisopplæring i bedrift, der lærar og elevar kjem tettare på bedrift gjennom praktisk oppgåveløysing, vil dette gje lærar eit godt bilete av kva bedrifter driv med gjennom undervisningssituasjonen, og i mykje større grad enn i dag.

Utover dette tilrår pilotprosjektet at lærarar og tilsette i bedrift hospiterer hos kvarandre i høve til ordninga som finsti dag. Hospitering bør elles inngå som ein naturleg del av skulen sitt arbeid med kompetanseutvikling.

## 7.2 RISIKOAR I PILOTPROSJEKTET

Å utarbeide og implementere ein ny opplæringsmodell for utdanning av fagarbeidarar er i all hovudsak eit endringsprosjekt, der både skule, arbeidsliv og andre sentrale aktørar må arbeide annleis enn i dag. Skal ein lukkast med dette prosjektet, må alle involverte aktørar vite kva prosjektet går i, involverast i arbeidet framover, og tar eigarskap til dei aktivitetane som skal utførast ved implementering av ny modell.

Det er mange risikoar i pilotprosjektet, men den største er at det er svært mange aktivitetar som går føre seg i parallell. Som figuren under viser, skal ein i tillegg til å arbeide med innhaldet i sjølve piloten, som å styrkje samarbeid skule – arbeidsliv, læreplanarbeid, og utvikling av styringsverktøy for oppfølging av praksis i bedrift, slå to skular saman til éin, det skal gjennomførast ein design- og planleggingsfase for nytt verkstadareal ved «nye» Bømlø VGS på Leite, nytt verkstadareal skal byggjast, Rubbestadneset VGS skal flytte, og samstundes skal det oppretthaldast god kvalitet i gjennomføringa av normal skuledrift.



Pilotprosjektet flaggar difor ein høg risiko for å gjennomføre alle desse endringsprosjekta i parallell, slik det i utgangspunktet er lagt opp til, og ber fylkesadministrasjonen vurdere å strekke delar av oppgåvene lengre ut i tid.

## 7.3 INNSPEL TIL OPPLÆRINGSMODELL

Basert på dei funna som er gjort i pilotprosjektet til no, tilrår prosjektgruppa å arbeide vidare med ei forbetring av dagens opplæringsmodell, der ein fokuserer spesielt på:

- Betring av rekrutteringsprosessen for fagarbeidaryrket
- Heilskapleg oppfølging av elev frå VG1 fram til fagbrev

- Betre samarbeid skule og arbeidsliv
- Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag
- Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift
- Betre styring av praksisopplæring
- Auke grad av hospitering av lærarar

## 7.4 VURDERING AV MODELLEN

### 7.4.1 Strategi for opplæring i fylket

Modellen som er skissert opp, er i tråd med strategi for vidaregåande opplæring i fylkeskommunen.

<p><b>OVERORDNA MÅL 1</b></p> <p>Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov</p> <p><b>Strategiar</b></p> <p>1.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering</p> <p>1.2 Styrkje samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv</p>	<p><b>OVERORDNA MÅL 2</b></p> <p>Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv</p> <p><b>Strategiar</b></p> <p>2.1 Bygje ein framtidretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling</p>	<p><b>OVERORDNA MÅL 3</b></p> <p>Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet</p> <p><b>Strategiar</b></p> <p>3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå</p>
---	--	--

Modellen vil setje regional kompetanseutvikling på dagsorden gjennom målretta arbeid med rekruttering og betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Gjennom dette samarbeidet vil det styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering, og ved involvering av både kommune og arbeidsliv i dette arbeidet, vil samhandling mellom yrkesfagleg utdanning, kommune og arbeids- og næringsliv bli styrka.

Vidare vil modellen legge til rette for å utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som varar på behova i arbeids- og arbeidsliv. Ved å auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og ute i bedrift, og betre styring av praksisopplæring i bedrift, vil ein bygge ein framtidretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet til omstilling.

Til slutt vil modellen medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Modellen legg ikkje opp til at andre enn skulen skal ha ansvar for eleven, danninga og sosialkunnskapen. Berre tettare samarbeid for å sikre at elevane vert utdanna med relevant kompetanse, og har eit utdanningstilbod i nærleiken som sikrar dei jobbar når læretida er omme. Ved å auke fokus på ei heilskapleg oppfølging av elev gjennom skule og læretid, betre samhandlinga mellom skule og arbeidsliv, og gjere det enklare for arbeidslivet å gje direkte tilbakemeldingar til kva kompetanse og kunnskap elevane treng å styrkjast i, vil modellen bidra til å sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå.

## 7.5 MODELLEN SIN OVERFØRINGSVERDI

I vedtaket frå fylkestinget er det peika på at modellen skal ha overføringsverdi til andre utdanningsprogram. Modellen som er skissert opp her, vil vere overførbar til alle yrkesfaglege utdanningar, inkludert EL og TIP, då det i størst grad handlar om å betre struktur og styring rundt praksisopplæring i bedrift, og betre utnytting av læringsarenaer i nærleiken.

I modellarbeidet har prosjektet og hatt ein tanke om korleis ein kan knyte tettare band mellom studiespesialiserande og yrkesfag, og ikkje minst korleis opplæringsmodellen for yrkesfaga kan mogleggjere meir praksis i utdanningsløpet til dei som går studiespesialiserande gjennom tverrfagleg prosjektarbeid.

Styringsverktøyet som er foreslått utvikla kan òg brukast av alle utdanningsprogram i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av praksisperiodar i bedrift, og det kan òg gjenbrukas på eit nasjonalt nivå. Eit slikt styringsverktøy vil gje verdifull informasjon, då informasjonen som vert samla inn kan

brukast til å analysere kva bedrifter som tilbyr praksis, kor store dei er, kva kompetanse elevar får praksis i, trendar rundt aktivitet og kompetanse som kan brukast inn i arbeid med dimensjonering osv.

## 8. Vegene vidare

Under følgjer ei liste over aktivitetar pilotprosjektet må arbeide vidare med fram mot hausten 2019. Dei som har ansvar for aktivitetane, må og inkludere naudsynte ressursar og interessentar for å sikre eit godt resultat:

Hovudområde	Ansvarleg	Aktivitet	Sentrale aktørar/ interessentar
Betring av rekrutteringsprosessen for fagarbeidaryrket	Pilotprosjektgruppa		Kommune, næringsliv, høgskule
Heilskapleg oppfølging av elev frå VG1 fram til fagbrev	Pilotprosjektgruppa	Gå opp og beskrive roller i utdanningsløpet frå elev til fagbrev	Fagopplæringskontoret, opplæringskontoret,
Betre samarbeid skule og næringsliv	Styringsgruppa	Utpeike koordinator	Skuleleing
Betre samarbeid skule og næringsliv	Pilotprosjektgruppa	Foreslå struktur for samarbeid med lokale bedrifter opp mot læreplanarbeid	Skule, næringsliv, koordinator
Betre samarbeid skule og næringsliv	Pilotprosjektgruppa	Etablere felles møteplass der ein diskuterer tema som kvalitet i opplæring, kunnskapsflyt mellom aktørar, dimensjonering og studietilbod ++	Skule, næringsliv, koordinator, opplæringskontor, kommune/ungdomsskule, rådgjevarar, fagopplæringskontor
Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag	Pilotprosjektgruppe	Analyse av bedriftene der elevar frå Rubb VGS har praksis og går i lære – er det små eller store? Vil dei kunne legge til rette for særleg meir praksis enn i dag?	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv
Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag	Pilotprosjektgruppe	Analysere kor elevar går i lære og får arbeid etter utdanning ved ulike skular, og finne ut kor det vil vere tenleg å samarbeide mellom skular for å gje eit fullverdig tilbod i regionen (organisering i forhold til øvrig tilbod i regionen)	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv
Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag	Pilotprosjektgruppe	Finne ut kva areaner som er tilgjengelege for opplæring, inkludert bedrifter	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv
Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag	Pilotprosjektgruppe	Utarbeide oversikt over verkøy og maskinar som næringslivet er interessert å få tilgong til i skulen (leige tid), eller vil vere med å spleise på mot å dele på bruk osv.	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv
Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag	Pilotprosjektgruppe	Utarbeide forslag til kva verkstad for yrkesfagleg opplæring på "nye" Bømlo VGS bør romme	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv
Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift	Pilotprosjektgruppe	Lage klar definisjon av kva integrert praksisopplæring er	Pilotprosjektgruppe
Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift	Pilotprosjektgruppe	Utarbeide ei realistisk målsetning for kor mykje meir praksis som kan gjennomførast i bedrift ved utgangen av pilotperioden – og plan for gjennomføring	Pilotprosjektgruppe
Betre styring av praksisopplæring	Pilotprosjektgruppe	Utarbeide kravspesifikasjon for styringssystem for samarbeid elev – skule – næringsliv	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv, elev
Betre styring av praksisopplæring	Pilotprosjektgruppe	Legge til rette for avtaleinngåing mellom skule og bedrift	Pilotprosjektgruppe, skule, fagopplæringskontor, næringsliv
Auke grad av hospitering av lærarar	Pilotprosjektgruppe	Vurdere om det er tiltak ein kan gjere i pilotprosjektperioden som kan bidra til å auke gjensidig hospitering skule - bedrift	Pilotprosjektgruppa, skule, bedrift
Andre oppgåver	Pilotprosjektgruppe	Vurdere ny modell opp mot evalueringskriteriane	Pilotprosjektgruppe
Andre oppgåver	Styringsgruppa	Vurdere om det er tenleg å knyte forskning eller ekstern finansiering til pilotprosjektet	Styringsgruppa, pilotprosjektgruppa
Andre oppgåver	Pilotprosjektgruppe	Finne ut korleis ein ny modell vil passe inn i arbeidet til oppfølgingsstenesta og fagopplæringskontoret, og ev. påverke måten dei arbeider på	Pilotprosjektgruppa, fagopplæringskontoret, oppfølgingskontor, OT
Andre oppgåver	Pilotprosjektgruppa	Finne ut korleis handsame overføring frå VG1 studiespesialiserande til VG2 fagarbeidarutdanning kan passe inn i arbeidet i piloten <a href="https://www.tv2.no/a/9999310/">https://www.tv2.no/a/9999310/</a>	Pilotprosjektgruppa, fagopplæringskontoret
Prosjektgjennomføring - pilotprosjektet	Pilotprosjektgruppa	Detaljere plan for piloteringa (berre overordna som finnes til no)	Pilotprosjektgruppa
Prosjektgjennomføring - pilotprosjektet	Pilotprosjektgruppa	Benchmarke KPI-ar som prosjektet skal målast på gjennom piloten	Pilotprosjektgruppa
Prosjektgjennomføring - pilotprosjektet	Pilotprosjektgruppa	Utarbeide rutinar for måling av KPI-ar gjennom piloten	Pilotprosjektgruppa

# Vedlegg A. Prosjektplan, pilotprosjektet

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: (oppdragsgjevar)	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

Versjon av prosjektplan: 0.3

## Bømlomodellen – eit pilotprosjekt

Dato: 25. april 2018

### Innhald

1 Bakgrunn .....	2
2 Formål med prosjektet (effekt mål) .....	2
3 Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål) .....	4
4 Føresetnader og avgrensing .....	6
5 Interessentanalyse .....	6
6 Risikovurdering .....	7
7 Aktivitetsplan .....	7
8 Tidsplan .....	9
9 Plan for kommunikasjon og rapportering .....	10
10 Ressursberekning .....	10
11 Organisasjon .....	10
12 Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt .....	11
13 Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt .....	11

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: (oppdragsgjevar)	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

## 1 Bakgrunn

Fylkestinget fatta følgjande vedtak (FT okt. 2016, sak 72/16):

*Rubbestadnes og Bømlo vgs vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo vgs, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.*

*Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skolen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.*

*Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skolen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.*

I tillegg var det under budsjetthandsaminga i fylkestinget (FT des. 2016, sak 91/16) fatta slikt vedtak:

*Arbeidet med pilotprosjektet på Bømlo skal starta opp like over nyttår. Målet er ei vidaregåande opplæring basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det skal utarbeidast eit mandat som er tydeleg på eit utviklingsdyktig studietilbod.*

*Rammer for mandatet bør m.a. ta omsyn til at arbeidslivets behov og moglegheiter for bistand til opplæring vil variere. Det skal etablerast ei prosjektgruppe i tett samarbeid med, og med representantar for, skule, kommune og næringsliv. Dette arbeidet skal vera starta opp innan januar 2017, og forslag til innhald i, og gjennomføring av prosjektet skal vera klart innan utgangen av juni. Kostnadane knytt til pilotprosjektet vert dekkja over opplæringsavdelinga sitt budsjett*

3. oktober 2017 vedtok fylkestinget oppdragsspesifikasjon for pilotprosjektet (sak 79-17). Denne oppdragsspesifikasjonen ligg til grunn for utarbeiding av prosjektplan.

## 2 Formål med prosjektet (effektmål)

1. «Nye» Bømlo vgs skal i samarbeid med lokalt næringsliv utdanne kompetente fagarbeidarar.
2. Modellen skal sikre høg kvalitet i opplæringa og bidra til lågt fråfall og høgt læringsutbytte.
3. Modellen skal ha overføringsverdi til andre utdanningsprogram både lokalt og nasjonalt.
4. Det skal utarbeidast evalueringskriterium i utviklingsfasen som skal leggjast til grunn i vurderinga av modellen.

Modellen skal mellom anna vurderast med tanke på :

- At den følgjer alle krav som vert stilt i lov, forskrift og læreplan samt dei krav som vert stilt i lovverk til dei involverte samarbeidsbedriftene.

 <b>JORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: (oppdragsjever)	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

- At den sikrar at samarbeidsbedrifter følgjer alle lovkrav som vert stilt ei opplæringsbedrift.
- At den er arealeffektiv – gjev god utnytting av verkstadareal og ressursar i skule og næringsliv.


Tabellen under viser effektmåla i prosjektet og relevante indikatorar for måla. Målingar skal føregå årleg i perioden 2019 – 2022.

Mål	Indikator
«Nye» Bømlø vgs skal i samarbeid med lokalt næringsliv utdanne kompetente fagarbeidarar.	Samarbeidsavtalar på plass for elevutplassering i bedrift Hospitering av lærarar/tilsette i bedriftene
Modellen skal sikre høg kvalitet i opplæringa og bidra til lågt fråfall og høgt læringsutbytte.	Tal og prosentdel elevar med fullført og bestått skuleår målt opp mot resultat V18  Tal og prosentdel elevar med ordinær progresjon mellom trinn  Tal og prosentdel elevar med overgang til lære  Karakterutvikling målt i utvikling frå skuleåret før  Tal og prosentdel elevar som avbryt opplæringa i skule og bedrift
Modellen skal ha overføringsverdi til andre utdanningsprogram både lokalt og nasjonalt.	Modell med naudsynte samarbeidsavtalar som kan implementerast på andre utdanningsprogram er på plass
Det skal utarbeidast evalueringskriterium i utviklingsfasen som skal leggjast til grunn i vurderinga av modellen.	Evalueringskriterium er utarbeida og godkjent av styringsgruppa

 <b>HORDALAND</b> <b>FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Prosjektplan</b>		
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>		
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: (oppdragsgevar)	Gjeld frå:	Tal sider: 11
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:

### 3 Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjektmål)

Eit prosjekt går gjennom fleire fasar. Denne prosjektplanen beskriv prosjektgjennomføringa, som tek føre seg å utarbeide ein opplæringsmodell, samt pilotere denne.



Figur 1 - Oversikt over prosjektfasar.

	Hovudleveranse	Skal godkjennast av
HL	Det er utarbeidd og pilotert ein opplæringsmodell basert på tett samarbeid mellom skule og næringsliv	Styringsgruppa

	Delleveransar	Skal godkjennast av
L1	Det er gjort ei kartlegging av fordeler og ulemper med eksisterande gjennomføringsmodell på Rubbestadnes vidaregåande skule	Styringsgruppa
L2	Det er gjort ein analyse av korleis framtidens yrkesfaglege skule på Bømlo kan sjå ut, der det er mogleg å enkelt tilpasse denne til fleire studieprogram, inkludert studieførebuande	Styringsgruppa
L3	Det er utarbeidd modell for yrkesfagleg opplæring med integrert praksisopplæring i bedrift, inkludert ressursberekning av denne	Styringsgruppa
L4	Det er skildra korleis samarbeid mellom skule og bedrift skal systematiserast, og det er formalisert avtalar med lokale verksemder for gjennomføring av integrert praksisopplæring i bedrift	Styringsgruppa
L5	Detaljere ut plan for pilotering av modellen, inkludert plan for kontinuerleg evaluering og forbetring under piloteringa	Styringsgruppa
L6	Skule og næringsliv er godt informert og sett i stand til å delta i pilotprosjektet	Styringsgruppa
L7	KPI-ar for prosjektet er sett, og rutiner for kontinuerleg måling og forbetring er etablert	Styringsgruppa
L8	Pilotprosjektet blir gjennomført og kontinuerleg målt og forbetra	Styringsgruppa
L9	Pilotprosjektet er avslutta, sluttvaluering gjort, og avgjersle for vegen vidare er tatt	Styringsgruppa, politisk nivå

Som tabellen over viser, vil prosjektet innehalde fleire delleveransar. Det vil bli gjort ei kartlegging av fordelar og ulemper med eksisterande gjennomføringsmodell, og det vil bli gjort ein analyse av korleis framtida si yrkesfaglege utdanning på Bømlo kan sjå ut, der denne kan tilpassast fleire studieprogram, inkludert studieførebuande. I analysen vil ein òg ha fokus på å få svar på kva som kjennetiknar ein dyktig fagarbeidar, og kva kompetanse ønskjer ein å ruste elevane med. Etter desse to første aktivitetane vil det bli gjennomført studietur eller orienteringa frå andre skular som har implementert ulike opplæringsmodellar, der dette kan vere hensiktsmessig.



 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: (oppdragsgjevar)	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

Prosjektgruppa skal vidare utarbeide alternative opplæringsmodellar basert på vedtekte oppdragsspesifikasjon og -plan, og dei funna gjort i kartlegging (L1) og analysen (L2). Alternative modellar skal strukturast på ein slik måte at opplæringa er adekvat etter næringslivet sitt behov, og sjåast i samheng med elevane sine behov. Ulike alternative modellar kan inkludere vekslingsmodellar der elevane oppnår både studie- og yrkeskompetanse, og modellen skal vere mogleg å overføre til nasjonalt nivå. Det skal også sjåast på moglegheit for meir hospitering av lærarar ute i bedrift i den nye modellen. Styringsgruppa vil vedta kva modell som skal testast ut og evaluerast i pilotprosjektet, og også vurdere om det er tenleg å knyte forskning og ekstern finansiering til pilotprosjektet.

Dersom ein endar opp med ein alternativ opplæringsmodell som gjer avvik frå den nasjonale fag- og timestrukturen, vil dette komme på bordet tidsnok til at dette kan formaliserast gjennom lokal forskrift. Pedagogiske og/eller organisatoriske forsøk utover dette krev godkjenning frå Utdanningsdirektoratet, jf. opplæringslova §1-4.

Ein føresetnad for at prosjektet skal lukkast og ein opplæringsmodell skal vere mogleg å gjennomføre, er å inngå forpliktande avtaler med aktuelle lokale verksemdar, som sikrar elevane integrert praksis i opplæringa. Prosjektet vil leggje til rette for slik avtaleinngåing mellom HFK og bedrift. Vidare vil prosjektet foreslå struktur for samarbeid med lokale bedrifter som er retta mot lokalt læreplanarbeid for å sikre kvalitet og god samheng mellom kva elevane skal lære i skule og bedrift.

Gjennom prosjektet vil prosjektgruppa også skaffe fram kunnskapsgrunnlag for kva areal og utstyr ein ny skule på Bømlø treng, med målsetnad om at elevane i større grad får opplæring i bedrift gjennom integrert praksiskopplæring. Modellen skal, jf. oppdragsspesifikasjon, vere arealeffektiv, og gi god utnytting av verkstadareal og ressursar i skule og næringsliv.

Prosjektet vil òg detaljere den overordna planen for pilotering av modellen som blir utarbeidd, avhengig av kva opplæringsmodell ein endar opp med. Planen må inkludere aktivitetar for kontinuerleg evaluering og forbetring av modellen i piloteringsperioden. Interessentanalyse, risikovurdering og kommunikasjonsplan må kanskje òg justerast noko når ein startar på piloteringa.

Ein viktig leveranse når ein skal starte piloteringa, vil vere å setje skule og næringslov godt inn i den utarbeidd modellen, og planen som er lagt. Det beste er å inkludere nøkkelpersonar frå næringsliv og skule i arbeidet med å detaljere planen for piloteringa så snart ny opplæringsmodell er utarbeidd. På denne måten vil ein sikre eigarskap og forankring av piloten hos dei som vert ståande ansvarleg for utføringa.

Det er viktig at alle KPI-ar som pilotprosjektet skal målast på vert benchmarka ved oppstarten av piloten, og at det blir utarbeidd omforente rutinar for kontinuerleg måling og forbetring. Vidare vil ein delleveranse vere sjølve gjennomføringa, det vil

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Prosjektplan</b> <b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
	Dokumenttype: Prosjektmal Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend av: (oppdragsgjevar) Godkjend dato:	Gjeld frå: Revidert dato:	Tal sider: 11 Arkivsak:

seie implementering av opplæringsmodellen i praksis, før siste leveranse som er sluttevaluering og avgjerse for vegen vidare for opplæringsmodellen.

Målet er at opplæringsmodellen er etablert og i ordinær drift frå 2023.

#### 4 Føresetnader og avgrensing

Det vert sett som føresetnad at prosjektet får tilgang på tilstrekkeleg med kompetanse, slik at prosjektet så tidleg som mogleg får opp eit bilete av kva utfordringar meir praksis i bedrift vil medføre, og deretter sikre at modellar som vert utarbeidd tek høgde for desse utfordringane på ein truverdig måte.

#### 5 Interessentanalyse

Interessent <i>Her skal ein identifisere alle individ, grupper og organisasjonar som på eit eller anna vis kan ein uttrykkskanal til prosjektet</i>	Tenkelege bidrag <i>Her skal ein forsøke å identifisere kva dei største interessentane kan bidra til prosjektet</i>	Krav/forventningar til prosjektet <i>Her skal ein forsøke å identifisere kva dei største interessentane til prosjektet</i>	Handtering <i>Her skal ein ta stilling til korleis ein vil forholde seg til dei enkelte interessentane, t.d. ved at dei får eit sinne uttrykk av prosjektet, får nyttig og god informasjon og får sjåve til påvirkning i prosjektet. Dette vil vere mein å leggast inn i arbeidsplanen, t.d. i et planstadium</i>
Skuleeigar (HFK Opplæring)	Prosjektleing	Utvikling, utprøving og evaluering av modell, jf. oppdragsoppløysing	Sette av tilstrekkeleg med ressursar til utvikling, utprøving og evaluering.
Fylkespolitikkarar	Haldast informert	Forventning om målbare resultat.	Rapportering gjennom årlig løypemelding knytt til SBP.
Skuleleing Bømlo VGS	Deltaking i styrings- og prosjektgruppe	At det blir utarbeidd ein god gjennomføringsmodell for pilotering	Deltaking i styrings- og prosjektgruppe
Skuleleing Rubbestadnes VGS	Planlegg og gjennomfører deler av opplærings- – fellesteg, programfag og YFF	At prosjektet sikrar eit faglig bidrag av høg kvalitet. Jobbtryggleik.	Informasjon. Arbeidstakerepresentant deltek i prosjektgruppe.
Lærarar VGS (begge)	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell	At det blir utarbeidd ein god gjennomføringsmodell for pilotering	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell
Kommuneleing	Deltek i styringsgruppe	Bømlo kommune deltek i styringsgruppe, og opplever at HFK har eit utdanningstilbod som tilfredsstiller næringslivet i kommunen	Haldast informert
Lokalpolitikkarar	Haldast informert	At det blir utarbeidd ein god gjennomføringsmodell for pilotering	Haldast informert
Elevråd VGS (begge)	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell	At det blir utarbeidd ein god gjennomføringsmodell for pilotering	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell
Elevråd ungdomsskule (alle)	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell	At det blir utarbeidd ein god gjennomføringsmodell for pilotering	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell
Instruktørar i bedrift	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell	At det blir utarbeidd ein god gjennomføringsmodell for pilotering	Delta i arbeidsmøte Gje innspel som sikrar god og realistisk gjennomføringsmodell

Figuren over gjer eit bilete av dei interessentane til prosjektet som er identifisert som dei viktigaste i denne fasen av prosjektet. Heile interessentanalysen finst i Vedlegg B – Interessentanalyse. Interessentanalysen vil bli oppdatert ved oppstart av ny fase i prosjektet.

	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: (oppdragsgjevar)	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

## 6 Risikovurdering

	Kva kan gå gale? <small>Formuler dei uenske hendingane så presist som mogeleg. Døme: personopplysningar kan kome på avvege, rammingsseggarer stengje, prosjektkomparer er uklart, elevor blir mobba</small>	Prosjektfase	Kor sannsynleg er det? 1= lite sannsynleg 2= sannsynleg 3 = svært sannsynleg	Kor store er konsekvensane? 1= små 2= middels 3 = store	Risiko = S x K
1	Rammene for prosjektgjennomføringa legg føringar som medfører at det blir vanskeleg å utarbeide modellar som tek tilstrekkeleg omsyn til utfordringar knytte til meir praksis i bedrift	Utviklingsfase	2	3	6
2	Ressursar får ikkje tilstrekkeleg med tid til å arbeide i prosjektet	Utviklingsfase	1	3	3
3	Ressurssamansetninga i prosjektet er ikkje brei nok	Utviklingsfase	2	3	6
4	Forankringa av prosjektet er ikkje god nok	Utviklingsfase	1	3	3
5	Næringslivet vil ikkje inngå forpliktande samarbeidsavtalar for gjennomføring av praksis i bedrift	Utviklingsfase	1	3	3

Figuren over gjer eit bilete av dei viktigaste risikoane i prosjektet som er identifisert i utviklingsfasen. Risikoanalysen finst i Vedlegg C – Risikovurdering. Denne vil bli oppdatert ved overgang til implementeringsfasen.

## 7 Aktivitetsplan

LX	M - Milestolpe	Aktivitet/milestolpe	Frist	Godkjennar
L1		Det er gjort ei kartlegging av fordeler og ulemper med eksisterande gjennomføringsmodell på Rubbestadnes vidaregåande skule	02.05.2018	<>
	M	SWOT-analyse gjennomført	01.05.2018	Styringsgruppa
	M	Kartlegging er gjennomført	01.05.2018	Styringsgruppa
L2		Det er gjort ein analyse av korleis framtidens yrkesfaglege skule på Bømlo kan sjå ut, der det er mogeleg å enkelt tilpasse denne til fleire studieprogram, inkludert studieførebuande	03.08.2018	<>
	M	Framtidsverkstad er gjennomført	08.03.2018	Styringsgruppa
	M	Analyse av kartlegging og framtidsverkstad utført	01.05.2018	Styringsgruppa
L3		Det er utarbeidd modell for yrkesfagleg opplæring med integrert praksisopplæring i bedrift, inkludert ressursberekning av denne	03.01.2019	<>
	M	Målekriterium for modell er utarbeidd og vekta	01.05.2018	Styringsgruppa
	M	Det er utarbeidd forslag til modellar	01.09.2018	Styringsgruppa

 <b>HORDALAND</b> <b>FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
	Dokumenttype:	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider: 11
	Prosjektmal	(oppdragsgjevar)		
Utarbeidd av:	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	
Prosjektgruppa				

	M	Modellar er vekta mot målekriterium og risikovurdert	01.09.2018	Styringsgruppa
	M	Modell som skal implementerast er beslutta	15.09.2018	Styringsgruppa
	M	Høyringsuttalar er vurdert, og modell ev. revidert	01.11.2018	Styringsgruppa
	M	Tilbod i modell er forskriftsfesta (om det er behov)	03.01.2019	Styringsgruppa
L4		Det er skildra korleis samarbeid mellom skule og bedrift skal systematiserast, og det er formalisert avtalar med lokale verksemder for gjennomføring av integrert praksisopplæring i bedrift	01.11.2018	<>
	M	Avtalar er utarbeidd	01.11.2018	Styringsgruppa
	M	Avtalar med lokale verksemder er inngått	01.11.2018	Styringsgruppa
L5		Detaljere ut plan for pilotering av modellen, inkludert plan for kontinuerleg evaluering og forbetring under piloteringa	01.10.2018	<>
	M	Piloteringsplan er oppdatert	01.10.2018	Styringsgruppa
L6		Skule og næringsliv er godt informert og sett i stand til å delta i pilotprosjektet	08.01.2019	<>
	M	Næringsliv og skule er informert og sett i stand til å delta	08.01.2019	Styringsgruppa
L7		KPI-ar for prosjektet er sett, og rutiner for kontinuerleg måling og forbetring er etablert	08.01.2019	<>
	M	Rutinar og indikatorar for å følgje opp kvalitet i opplæringa/modellen og gjere naudsynte justeringar er utarbeidd	08.01.2019	Styringsgruppa

## Prosjektplan

### Bømlomodellen – eit pilotprosjekt

Dokumenttype:	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider: 11
Prosjektmal	[oppdragsgjevar]		
Utarbeidd av:	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:
Prosjektgruppa			

<b>L8</b>	<b>Pilotprosjektet vert gjennomført og kontinuerleg målt og forbetra</b>		<b>08.01.2023</b>	<b>&lt;&gt;</b>
		Det er levert halvårlege statusrapportar	01.02.2020	Styringsgruppa
	M	Opplæringa/modelen er justert på bakgrunn av halvårleg vurdering	01.08.2020	Styringsgruppa
	M	Det er levert halvårlege statusrapportar	01.09.2020	Styringsgruppa
	M	Opplæringa/modelen er justert på bakgrunn av halvårleg vurdering	01.01.2021	Styringsgruppa
	M	Det er levert halvårlege statusrapportar	01.02.2021	Styringsgruppa
	M	Opplæringa/modellen er justert på bakgrunn av halvårleg vurdering	01.08.2021	Styringsgruppa
	M	Det er levert halvårlege statusrapportar	01.09.2021	Styringsgruppa
	M	Opplæringa/modelen er justert på bakgrunn av halvårleg vurdering	01.01.2022	Styringsgruppa
	M	Det er levert halvårlege statusrapportar	01.02.2022	Styringsgruppa
	M	Opplæringa/modelen er justert på bakgrunn av halvårleg vurdering	01.08.2022	Styringsgruppa
	M	Det er levert halvårlege statusrapportar	01.09.2022	Styringsgruppa
	M	Opplæringa/modelen er justert på bakgrunn av halvårleg vurdering	01.01.2023	Styringsgruppa
	M	Det er levert halvårlege statusrapportar	01.02.2023	Styringsgruppa
	M	Det vert skrive avslutningsrapport frå pilotprosjektet	01.05.2023	Styringsgruppa
<b>L9</b>	<b>Pilotprosjektet er avslutta, sluttevaluering gjort, og avgjersle for vegen vidare tatt</b>		<b>08.01.2023</b>	<b>&lt;&gt;</b>
	M	Prosjektet er evaluert opp mot prosjektmål	01.07.2023	Styringsgruppa
	M	Avgjerd om vidare drift av modellen er teke	01.08.2023	Politisk nivå

## 8 Tidsplan

Prosjektfasen der modell skal utarbeidast startar formelt opp når prosjektplan er vedteke i fylkesutvalet, men nokre tidlege aktivitetar er allereie starta, som til dømes gjennomføring av ein framtidswerkstad med aktørar frå skule og næringsliv.

Opplæringsmodell blir levert i høve til aktivitetsplan og skal vere klar til pilotering hausten 2019.

	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmål	Godkjend av: (oppdragsgjevar)	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

## 9 Plan for kommunikasjon og rapportering

Prosjektet skal kommunisere og rapportere i prosjektet i henhold til kommunikasjonsplanen i Vedlegg A – Kommunikasjonsplan.

## 10 Ressursberekning

	Rolle	Namn på ressurs	Timar
HFK Opplæringsavd.	Prosjekteigar	Svein Heggheim	
HFK Opplæringsavd.	Prosjektleiar	Tor Ivar Sagen Sandvik	360
OME	Opplæringskoordinator	Paul Engseth	
Servogear	Lærlingansvarleg, prosjektdirektør	Lars Egil Vik	360
Bømlø VGS	Rektor	Asbjørn Mæland	
Rubbestadnes VGS	Avdelingsleiar	John Ivar Alvsvåg	360
Rubbestadnes VGS	Tillitsvald UDF	Tor Gunnar Hallaråker	
NMEC	Prosjektstøtte	Nina Ingvaldsen	

## 11 Organisasjon

Oppdragsgjevar: Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim, på vegner av Hordaland fylkesting.

### Styringsgruppe:

Fylkesdirektør opplæring – Svein Heggheim (leiar)

Regionleiar – Sissel Øverdal

Rektor Rubbestadnes vgs – Rune Gåsland

Vice president HR & Org.Development, Eidesvik AS – Erling Lodden

Kommunalsjef Bømlø kommune – Bjørn Håvard Bjørklund

Arbeidstakarrepresentant næringsliv, Servogear – Tor Eivind Djuve

### Prosjektgruppe:

Prosjektleiar – Tor Ivar Sandvik

Rektor Bømlø vgs – Asbjørn Mæland

Yrkeskompetanse Rubbestadnes vgs – John Ivar Alvsvåg

Representant for tilsette, Utdanningsforbundet – Tor Gunnar Halleraker

OME - Opplæringskontoret for mekaniske fag og elektrofag – Paul Engseth

Yrkeskompetanse næringsliv, Servogear – Lars Egil Vik

Styringsgruppa har vedteke å ta i mot tilbod om prosjektstøtte frå næringslivet på Bømlø. Nina Ingvaldsen blir fristilt i første omgang for perioden fram til prosjektplan er vedteke i SG, inntil 50 % stilling. Prosjektleiar og Ingvaldsen koordinerer innsats etter behov.

	<b>Prosjektplan</b>			
	<b>Bømlomodellen – eit pilotprosjekt</b>			
Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: [oppdragsgjevar]	Gjeld frå:	Tal sider: 11	
Utarbeidd av: Prosjektgruppa	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

## 12 Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt

Skulebruksplan 2017-2030 legg rammer for tilbod, dimensjonering og plassering for dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Kunnskapsdepartementet har fastsett endringar i tilbodsstrukturen for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2020/21. Utdanningsdirektoratet får oppdraget i å gjennomføre endringane, som også medfører å oppdatere innhaldet i dagens læreplanar, utvikle nye læreplanar for nye fag, og vurdere namn på nye utdanningsprogram. Eventuelle endringar i struktur eller læreplan må vurderast undervegs i prosjektperioden.

## 13 Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

Prosjektet vil overlevere ein sluttrapport til styringsgruppa som viser resultat frå piloten og den kontinuerlege evalueringa undervegs. Styringsgruppa må leggje rapporten fram til politisk nivå, som tek beslutning om vegen vidare for opplæringsmodellen, korleis den skal takast vidare på Bømlø, og eventuelt overførast til andre utdanningsprogram.

# Vedlegg B. Evalueringskriteriar og indikatorar

## Notat til styringsgruppa

Fire ulike kategoriar/kriterium:

